



Hordaland Bonde-
og Småbrukarlag



Årsmelding 2022



**BILREKLAME - FOLIERING
 STAND OG MESSEMATERIELL
 SKILT OG DEKOR FASADEDEKOR
 KLISTERMERKERPRINT OG TRYKKSAKER
 GRAFISK DESIGN - KLESTRYKK -
 LOGO OG MERKEVAREBYGGING
 MERKEVAREBYGGING - STEMPEL**



Kvassnesvegen 58 - 5914 ISDALSTØ
 Tlf. 56 35 22 50 - www.trykkservice.no
 facebook: Garafisk-Hus - E-post: post@trykkservice.no

Voss Landbruksrekningskap

**Godt og enkelt program for
 rekningskapføring i landbruket,
 med god brukarstøtte**

Årleg pris: kr. 2 500,- +mva

Finn oss her:

www.landbruksdata.no

www.facebook.com/landbruksdata

Innhald

Tillitsvalde i HBS 2022	4
Lokallagsleiarar 2022	5
Leiaren har ordet	7
Referat frå årsmøte 2022	11
Landsmøte 2022	16
Landsmøtesaker frå HBS	19
Jordbruksforhandlingane 2022	22
Uttale til Vestland Fylkeskommune	29
Styret i arbeid	31
Bybonden	31
Bondens marknad	33
Mentorordninga i landbruket	34
REKO-ringen	35
1.mai i Odda	37
Etnemarknaden	39
Ny generalsekretær i NBS frå Hordaland	40
Investeringsmidlar lausdrift i Vestland	41
Avisinnlegg: Importvernet	43
BU-prisen	45
Årsrekningskap og budsjett	46



Tillitsvalde 2022 Hordaland Bonde- og Småbrukarlag

Leiar:

Leif Grutle
5554 Valevåg
98639004
leif.grutle@haugnett.no

Nestleiar:

Arne Lofthus
5781 Lofthus
99355590
alofthu@online.no

Styremedlemmer:

Jarle Helland
5936 Manger
41320601
jarlehelland@hotmail.com

Anders Lundevold
Bårdsundvegen 89
5685 Uggdal
93847508
alundevold@hotmail.com

Birte Larsen
Rosenlundv.31
5146 Fyllingsdalen
93207536
post@strutsefarmen.no

Irene Dalland
5680 Tysnes
95049131
irene@dallandgard.no

Tina Bøe Buer
5211 Os
41625254
tinabbuer@gmail.com

Varamedlemmer:

Dag Kyrre Lygre
5646 Nordtveitgrend
48249418
dagkyrre@gmail.com

Edel Karin Ertsås Alpen
5773 Hovland
90734254
ekealpen@kinsarvik.net

Sindre Taxt Måge
5776 Nå
99466959
simaage@gmail.com

Fylkessekretær:

Åse-Marie Reisæter
Reisetevegen 122
5776 Nå
48021004
hordaland@smabrukarlaget.no

Heimeside:

www.smabrukarlaget.no

Leiarar i lokallaga 2022

Bømlo og Stord:

Svein Trygve Larsen
Kanalv.11
5437 Finnås
913 88 138
svein.trygve.larsen@gmail.com

Etne:

Tore Aga Silde
Nernesvegen 27
5590 Etne
915 45 088
tore.aga.silde@hotmail.com

Midthordland:

Dag Kyrre Lygre
Lygre
5646 Nordtveitgrend
48249418
dagkyrre@gmail.com

Kvinnherad og Kvam:

Siri Byrkjeland
Fossovegen 9
5600 Norheimsund
907 23 881
sibyrkje@online.no

Masfjorden:

Laila Furebotn
Kringlevegen 312
5983 Haugsvær
415 03 279
furebotn@hotmail.com

Osterøy:

Øystein Hole
Hosanger
5282 Lonevåg
959 01 981
eysteinhole@gmail.com

Radøy:

Oddvar Stang
Valdersnesvegen 181
5939 Sletta
907 97 773
oddvasta@online.no

Sotra og Øygarden:

Svein Misje
Mattisbrekko 4
5366 Misje
959 13 082
sveinmisje@gmail.com

Sveio:

Helge Lien Reinertsen
Søre Tjernagel 55
5550 Sveio
99037147
li-rein@online.no

Tysnes:

Irene Dalland
Dallandsvegen 50
5680 Tysnes
95049131
irene@dallandgard.no

Ullensvang:

Arne Lofthus
5781 Lofthus
993 555 90
alofthu@online.no

Ulvik:

Kyrre Manger
Kvålsvegen 37, 5730 Ulvik
95938952
kyrre_m@hotmail.com

Voss:

Nils Martin Seim
Seimsv.147, 5708 Voss
48154386
nilsmartin@vossoppmaaling.no

Fatland

Vi hjelper deg til enda bedre resultater!
Ta kontakt med oss for en hyggelig
prat om våre konkurransedyktige
priser og vilkår.

Fatland Oslo:
97 69 26 50

Leiaren har ordet.

Det var ei stor glede og håp, at vi på landsmøtet i høst klarte å få til eit slagkraftig Bonde- og Småbrukarlag. Med dyktige og engasjerte personar, som er klare for den krigen det vil bli for å endre kursen og økonomien i jordbruket. Me i Hordaland er sjølvsagt også glade for at vår eigen Anton Langeland fekk "draumejobben" som ny generalsekretær. Ein som kjenner godt til dei utfordringane Vestlandsbonden har, med sine arbeidskrevjande hausteforhold, lausdriftkrav, vær/klima osv.

No ser det også ut til at ein har fått på plass eit nettverk av rådgjevarar fram mot jordbruksforhandlingane. Så verktøya er på plass, no gjeld det å lage strategiar og verkemidlar som kan løfte bonden og jordbruket, både på kort og lang sikt.

Regjeringa har lagt lista høgt, både i Hurdalsplattforma og i Regjeringserklæringa. Jamstilling i alle produksjonar og alle distrikt. Samt auka sjølvforsyninga fra 38 til 50%. Men Regjeringa har ingen plan, eller har sett ned noko arbeidsgruppe, for å starte dette arbeidet. Då er det berre NBS som kan løfte dette, og fronte det fram mot jordbruksforhandlingane.

Økonomisk og sosial jamstilling, både på kort og lang sikt, må medføre endra verkemidlar og investeringspolitikk. Dei som framleis hugsar Hitraaksjonen og opptrappingsvedtaket i 1975, der ein la vekt på pris, volum og investeringspolitikk knytt til større og større fjøs, hugsar også at det tok ikkje lang tid før det vart overproduksjon, fallande prisar og auka kostnader. Dette må me unngå når me for tredje gang etter krigen, har fått eit jamstillingsvedtak frå Stortinget. Norsk planteproduksjon skapar ikkje overproduksjon. Det er overimport av forråvarer og mat som i sum gir overproduksjon. Produksjonen må regulerast, men på riktig måte og i rett rekkefølge. Ein kan ikkje først subsidiere kraftfor for å få opp volumet, for så å bruke masse pengar på å regulere vekk volumet.

I tillegg må me setje søkelys på eit forelda importvern og krevje at det blir ein del av forhandlingane. Matindustrien, både innanlands og i utlandet, har for lengst tillpassa seg, etter 30 år utan fornying. Og meir og meir av importen gjeld bearbeidde produkt, som ikkje har same beskyttelsesbehov i dagens regelverk. Og kva med kronetoll kontra prosenttoll?

Dei neste to åra blir svært viktige for jordbruket. Det er litt no eller aldri, så stå på alle gode bønder og medlemmer. Jordbruket og distrikta treng dåke meir enn nokon gong.

Leif Grutle

Vekselbanken
– ein god medspelar –

Truleg det beste
Sortimentet til sau

Fiskå Mølle sitt førsortiment gir full dekning av protein, energi, vitamin og mineral.

- for livskraftige dyr med god tilvekst.

<p>TOPLAC® SAU</p> <ul style="list-style-type: none"> Gir auka mjølkeyting Perfekt ved store kull/kort inneføingsperiode etter lamming 	<p>TOPLAC® SAU FIBER</p> <ul style="list-style-type: none"> Gir betre vommiljø Består av 75% TopLac Sau, 25% Roetopp 	<p>SAU/LAM APPETITT</p> <ul style="list-style-type: none"> Smakleg og fiberrik Inneføring: "all-round"-fôr til alle dyr
<p>SAUEFØR</p> <ul style="list-style-type: none"> Høgt proteininnhald gir god lammetilvekst Beste val dersom inneføring etter lamming overstig 3 veke 	<p>SAUEFØR DREKTIG</p> <ul style="list-style-type: none"> Ekstra vitamin og mineral Organisk selen og mykje vitamin E 3-5 hekto dekkjer behovet 	<p>LAM BEITE</p> <ul style="list-style-type: none"> Svært fiberrik fôr gir gode magar på beite Perfekt i kraftfôromatar

FISKÅ MØLLE AS Tlf. 51 74 33 00
FISKÅ MØLLE ETNE AS Tlf. 53 77 13 77
FISKÅ MØLLE TRØNDELAG Tlf. 73 85 90 60
FISKÅ MØLLE FLISA Tlf. 62 95 54 44

Fiskå Mølle



Medlems-
fordeler!

Det lønner seg å være medlem!

Som medlem hos oss er du medeier i en sterk innkjøpsorganisasjon, opprettet, eid og styrt av bønder.

Våre medlemmer får ta del i mange gunstige ordninger som f.eks.:

- Årskvantsrabatt
- Kvantumsrabatt, kraftfôr og gjødsel
- Bestillingsrabatt
- Webrabatt
- Etableringsrabatt
- «Min Side», nyttige funksjoner
- Kjøpsutbytte ved overskudd
- Tankstøtte
- Sparekonto
- Medlemsfordeler Agrol
- Gratis rådgivning

Medlemskapet er åpent for alle som har økonomisk ansvar for landbruksdrift og landbruksrelatert virksomhet.

Mer informasjon finner du på bedrift.bondekompaniet.no og fkra.no, eller ta kontakt med vårt kundesenter.

Se film om
registrering,
Min Side og
bestilling:



bedrift.bondekompaniet.no
Telefon 99 43 06 40



Rogaland Agder — siden 1899




JAN MO A.S

Øystese | 56 55 59 22 | janmo.no

KRANARBEID
TRANSPORT
SINGEL OG SAND
SILOBALLAR
HALM
CONTAINERUTLEIGE

Hvorfor skal jeg være eier av TINE-samvirket?

- Et samvirke som jobber for best mulig økonomisk resultat fra din melkeproduksjon.
- Trygg og forutsigbar avsetning av melka.
- Tilgang til verdifull kompetanse i alle deler av melkeproduksjonen.
- En gunstig startpakke som ny bruker.
- Et godt faglig og sosialt miljø i produsentlaget.
- Et samvirke som sikrer deg konkurransekraft og påvirkning videre i verdikjeden.



SAMMEN SKAPER VI ET LEVENDE NORGE
medlem.tine.no



TRENG DU EIN NY SPARRINGSPARTNAR PÅ GARDEN DIN?

Tveit Regnskap er landets største kompetansemiljø innan landbruksøkonomi og rekneskap.

Me kan hjelpe med alt av rekneskapstenester og økonomirådgjeving på ditt gardsbruk.

Ta kontakt for en uforpliktende samtale.

Tlf. 52 76 71 00 eller
post@tveit.no

www.tveit.no



Referat frå årsmøte i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag 16.mars 2022.

Fylkesårsmøtet vart gjennomført på «Teams».

Møtet var todelt, først ein felles del med Sogn og Fjordane BS (sjå eige referat), så ein del med årsmøtesaker for Hordaland BS.

18 medlemmer deltok på årsmøtet.

Fylkesleiar i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Leif Grutle, ynskter velkomen til årsmøte.

Etter eit opprop vart Arne Lofthus vald til møteleiar.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Val av referent: Åse-Marie Reisæter.

Val av to til å skriva under referatet: Sindre Taxt Måge og Karna Bakke.

Årsmeldinga vart gjennomgått og godkjent. Den er sendt ut til alle medlemmer.

Rekneskapa vart lagt fram og godkjent.

Budsjett vart lagt fram og vedteke.

Val.

Leiar: Leif Grutle attval valt for 1 år

Styre:

Arne Lofthus attval valt for 2 år

Tina Bøe Buer attval valt for 2 år

Irene Dalland attval valt for 2 år

Birte Larsen ikkje på val

Jarle Helland ikkje på val

Anders Lundevold ikkje på val

Vara:

1. Dag Kyrre Lygre attval valt for 1 år

2. Edel Karin E. Alpen attval valt for 1 år

3. Sindre Taxt Måge ny valt for 1 år

Ungdomsutval: Sindre Taxt Måge, Johannes Rogdo, Tore Aga Silde.

Valnemnd:

Nils Martin Seim (leiar) 1 år, Øystein Hole 2 år, Anton Langeland 3 år.

Uttale: Årsmøtet vedtok ein uttale om Driftstilskot sau: «Sauebøndene treng inntektsløft, men ikkje på kostnad av dei minste sauehaldarane».

Jordbruksforhandlingane 2022.

Leif orienterte litt om dei komande jordbruksforhandlingane. Kravet må bli høgt dette året. Forventingane er store, og kostnadane på innsatsmidlar har auka enormt dei siste månadane. Spent på korleis møta med Bondelaget og Staten vil bli. NBS må prøve å få ut mest mogleg informasjon i forkant. Treng ny strategi for å påverke, bli tøffare. Kor mykje greier me å påverke innanfor dagens system? Folk og politikarar treng meir kunnskap.

Ordet fritt.

Andreas Vorland: Me må vise fram meir av det me held på med. Mange ynskjer ikkje å utvide, men vil ha betalt for det me gjer. No er det slik at mange betalar for å produsere. Betre dyrevelferd er positivt, men det kostar. Me må meir ut i media.

Til slutt takka Leif for tilliten og for møtet.

Uttale frå fylkesårsmøte i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag og Hordaland Bonde- og Småbrukarlag 16.mars 2022:

Sauebøndene treng inntektsløft, men ikkje på kostnad av dei minste sauehaldarane

I Nationen onsdag 9. mars kan me lesa at Nortura vil løfta økonomien til sauebøndene, men saueflokkene skal vera over 30 vinterfora sauer for å få eit nytt Driftstilskot. I andre enden er det ikkje sagt noko om kvar grensa for når tilskotet skal opphøyr.

Det er djupt tragisk at husdyrproducentane sin eigen samvirkeorganisasjon såleis fortel oss småbrukarar at betring i økonomien i sauehaldet er påkrevd, men berre ikkje for dei mindre produsentane. I ei tid der jordbruket slit med økonomi, motivasjon og framtidstru, blir nye tilskot presentert med gamle tankar. Etter minst to generasjonar med storstila avskalling frå jordbruket, er dominerande deler av jordbruket ikkje komen lenger enn at gammal, mislukka medisin bør vidareførast.

Årsmøtet til Hordaland Bonde- og Småbrukarlag og Sogn- og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag 16.mars 2022 protesterer kraftig mot politikk som skvisar dei minste sauehaldarane. Dette er ikkje småbrukarlagspolitik, og blir å rekna som eit angrep på matproduksjonen på dei mindre sauebruka.

I Vestland fylke finst det mange husdyrhaldarar med mindre saueflokkar, gjerne i kombinasjon med andre produksjonar. Samfunnsmessig, beredskapsmessig, og med tanke på miljø og klima, utgjer desse gardsbruka ein viktig del av den totale matberedskapen i landet. Tankane omkring dette nye Driftstilskotet er også presentert for vår eigen fagpolitiske organisasjon, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, i innspelsmøte. Våre to fylkeslag reknar med at

landslaget vårt kontant har avvist kravet om innslagspunkt på 30 sauer. For organisasjonen vår vil det vera katastrofalt å framforhandla nye tilskot med ein så usolidarisk profil.

Eit Driftstilskot for sauehaldet kan vera ein god ide, men innslagspunktet skal vera frå fyrste sauen dersom gardsbruket mottok produksjonstilskot over jordbruksavtalen. Det vil vidare vera naturleg at tilskotet sluttar å verka ved ein plass mellom 75 og 100 vf sauer. Då har jordbruket sjølve eit verkty for å hindra eventuell overproduksjon dersom det er fare for dette.

Driftstilskotet bør få soneinndeling, der dei typiske grasområda og område med mykje unytta fjellbeite, får høgast sats.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag treng at fylkeslaga i organisasjonen står opp og gjev ryggdekning i tingingar med andre jordbruksorganisasjonar og staten. I vår tid med sterkt aukande krisestemming innan jordbruket, der sauehaldet økonomisk ligg i botn, skal ikkje nye tilskotsordningar forsterka dei katastrofale strukturendringane me har sett i fleire tiår. Skal økonomien i jordbruket løftast må alle bønder med, også dei minste sauebøndene. Dette blir det forventa at alle i småbrukarrørsla forstår.





Jo mere vi er sammen!

Alle husdyrprodusenter er små aktører i det store markedet. Men alle er sterkere når vi opptrer sammen.

Nortura er det eneste landsomfattende slakteriet i Norge som eies av medlemmene. Vi er bøndernes egen bedrift. Vårt formål er å sikre avsetning av norsk kjøtt og egg og skape verdier for eierne.

Se medlem.nortura.no



Landbruksmekanisk Inge Hjelle

Stolt forhandler av **McHale** og **CASHELS Engineering**

Utstyr for rundballepressing, pakking og handtering.



Det beste alternativet for dei som ynskjer breiplast er utan tvil, McHale Fusion 3 plus med breiplastbinding og touchskjerm styreboks.

Nokre nye og brukte maskiner på lager.

Lagerrydding av handteringsutstyr, sterkt reduserte prisar!

Skal du ha ny presse i år? Eller kanskje ei ny klype? Gjer gode handlar no! Handteringsutstyr vert lagerført for kjapp levering, hurtigfeste etter ynskje. For komplett sortiment sjå importørens heimeside www.maskindrift.no

Elles det meste i diagnose, reparasjon og vedlikehald av traktor og landbruksreiskap. Tek og noko sveising av stål, rustfritt og aluminium. **Kva kan eg hjelpe deg med?**

Ta kontakt heilt uforpliktande, så ser me kva me får til!

Landbruksmekanisk Inge Hjelle når du på tlf: 959 62 998

Landsmøtet 2022

Norsk Bonde- og Småbrukerlags årsmøte 2022 ble avholdt på Hamar den 29.–30.10.2022. Utsendte representanter fra Ullensvang BS var Åse-Marie Reisæter, Arvid Måkestad og Thomas Harris. Hordaland hadde totalt 10 utsendinger.

Premissene for Landsmøtet i 2022 var spennende og utålmodigheten i organisasjonen stor. Med rekordstort jordbruksoppgjør på 10,9 milliarder, og enorme kostnadsøkninger for landbruket som bakteppe, var jo spørsmålet som alltid: Når skal inntektsgapet tettes, og når får vi jamstilling?

Nytt av året var det at all stemmegivning skulle foregå digitalt, og det hadde i forkant vært avholdt kurs i bruk av det nye app-baserte systemet. Det var sågar et krav om gjennomført kurs for å delta på landsmøtet. Til tross for at alle 150+ utsendinger hadde vært gjennom kursing ble det et landsmøte preget av datatrøbbel. Mye tid ble brukt på dobbeltsjekking av om alle hadde fått stemt eller ikke, og digital førstehjelp til de som hadde problemer. Til tider var problemene så store at det kom høylytte utrop fra salen, med bannskap av grovere art, om hva man syntes om dette nye digitale systemet.

Utsendingene fra Ullensvang hjalp hverandre, og klarte å mestre det nye systemet i felleskap. Det håpes dog at det blir betydelige forbedringer til neste landsmøte, og at årets problemer blir stående som barnesykdommer i et system som på sikt vil gjøre landsmøtet mer effektivt.

Ordfører i Hamar, Einar Busterud, ønsket landsmøtet velkommen til Hamar og Leder Kjersti Hoff innledet talelisten med leders tale. I talen slo hun fast at Småbrukerlaget er viktigere enn noensinne, ikke fordi vi er størst eller har mest penger og makt, men fordi vi har rett og fordi vi har motet til å stå opp for det vi mener er riktig.

Hun kunne fortelle at med bakgrunn fra pandemi i verden og krig i Ukraina har det norske folk endelig forstått viktigheten av matsikkerhet og beredskap, og hvilken utrolig viktig rolle den norske bonden spiller i dette. Men til tross for den økte samfunnsforståelsen av viktigheten av landbruket og et rekordstort landbruksoppgjør så fortsetter nedleggingen av gårder, og Kjersti Hoff kunne fortelle oss at i løpet av de siste 6 årene har det blitt lagt ned 3942 jordbruksbedrifter.

Kjersti Hoff tok et oppgjør med matvarebaronene fra talerstolen og kunne fortelle: «Dagligvarekjedene har et eneste mål med alt de gjør, og det er å tjene mest mulig penger til seg sjøl. Og når de har tjent sine milliarder så ser det ut til at de ikke har noen skrupler med å ta med seg pengene og flytte til Sveits.» Og kom med en klar oppfordring til landbruksministeren: «Kjære Sandra Borch – nå må dere også ta skikkelige grep for å endre dagligvarekjedenes monopolistiske makt. Er det noen som kan få røsket opp i dette så er det du.»

Kjersti benyttet seg av leders tale til å takke alle som har bistått og støttet henne i gjerningen som leder av Norges Bonde- og Småbrukerlag, og gi en klar støtte til Tor Jakob Solberg som en som har hjertet på rett sted.

Etter leders tale tok landbruksminister Sandra Borch scenen og kunne fortelle at landbruket var den store vinneren i årets statsbudsjett, og at selv om forsvarsbudsjettet var kronevinner, så var landbruksdepartementet med sin 23% økning i budsjett, prosentvinner. Hun kunne

fortelle om en regjering som hadde stort fokus på selvforsyningsgrad og matsikkerhet, og som forstod viktigheten av den norske bonden.

Landsmøtet likte tydelig hva landbruksministeren hadde å si, og hun fikk stormende applaus. Ikke nok med at hun hadde mye fint å si, men landbruksministeren ble under hele generaldebatten og ba om taletid for å svare ut de tingene som hadde blitt løftet under debatten. Det har visstnok ikke skjedd i nyere tid at en landbruksminister har tatt seg tid til å overvære generaldebatten, og i tillegg svare for seg.

Etter landbruksministeren var det Ola Grytten, leder av ekspertutvalget for inntektsmåling i jordbruket (det såkalte Grytten-utvalget), som tok til talerstolen og holdt en meget detaljert redegjørelse for arbeidet som hadde blitt lagt ned i rapporten og hvordan utvalget har kommet frem til de anbefalinger de har gitt for hvordan bondens inntekt skal regnes ut. Han startet talen sin med å si at han var glad i den norske bonde og ikke sint på oss og håpet at vi ikke var sinte på han. Og selv om den norske bonden nok er sindigere enn at vi blir forbannet på en økonom for å gjøre jobben sin, så ble det rettet nokså tungt skyts mot utvalgets konklusjoner under generaldebatten, og Ola Grytten var stor nok til å bli under debatten og svare på tiltale. Det ble ikke enighet, men det var dialog, og forståelse for at det er mange måter å regne på for å komme frem til et inntektsgrunnlag som favner over en gruppe med så mange forskjeller som den norske bonde.

Etter generaldebatten var det oppe mange saker. Alt fra små detaljendringer i lagets lover og regler til mer kontroversielle endringer i politisk plattform. Av det som skapte mye debatt var forslaget om å innføre et modellsystem for produksjonsregulering som kan benyttes i alle produksjoner. Dette ble rett nok sett på som et forslag om at Norsk Bonde- og Småbrukerlag skal jobbe for kvoter i alle produksjoner, og da mest nærliggende innenfor sauehold. Åse-Marie Reisæter tok til talerstolen og holdt et meget godt innlegg om hvorfor hun syntes at et kvotesystem innen sauehold ville være uheldig, da det er en produksjon som egner seg veldig godt for mange småbruk, og som ofte er en naturlig start for nye og unge bønder. Forslaget ble til slutt vedtatt, men med et viktig forbehold om «I mange produksjoner skal det vera eit golv, slik at reguleringa ikkje gjeld nye og/eller dei minste produsentane.»

Det var og et innsendt forslag om å fjerne et viktig punkt som Ullensvang Bonde- og Småbrukerlag har brukt mange år og runder på å få inn i politisk plattform om at NBS skal jobbe for en nedtrappingsmodell i landbrukstilskuddet, som skal sørge for at de største mottagerne av tilskudd skal få justert ned tilskuddene etter et visst nivå. Dette hadde representantskapet innstilt til at skulle avvises, og konsensus i landsmøtet var at trappetrinnsmodellen skal bestå og være en del av NBS sin politiske plattform.

Den store saken på landsmøtet i år var innstillingen av Tor Jakob Solberg fra Bondeopprøret som ny leder. Det var en tydelig rørt og beveget Tor Jakob, som ble enstemmig valgt og stående trampeklappet inn i vervet av et meget entusiastisk landsmøte. Fra talerstolen kunne han love landsmøtet at han ikke tok lett på oppgaven, og ba oss om å være utålmodige med han. Han lovet at noen av medlemmene nok kom til å bli forbannet på han for hvordan han kom til å fronte saker og forlange oppmerksomhet fra politikerne. Men lovet at dette var med et ønske om å gjøre Norsk Bonde- og Småbrukerlag til den ledende kraften for fornying av norsk jordbrukspolitik.

Konklusjonen fra landsmøtet er at det var usedvanlig godt driv i Småbrukerlaget på dette landsmøtet, og at det til og med var visse antydninger til optimisme for at vi kanskje kan få til en ny landbrukspolitikk. Med rekordstort jordbruksoppgjør, sterk oppslutning rundt samfunnsoppdraget til den norske bonde, vennligstilt regjering og en utålmodig bondeopprører som leder for Norsk Bonde- og Småbrukarlag, så burde det i hvert fall være håp i et hengende snøre.

Thomas Ekrem Harris, Ullensvang BS



Arvid Måkestad (Ullensvang BS), Jarle Helland (observatør), Leif Grutle (fylkesleiar), Tore Aga Silde (Etne BS), Thomas Harris (Ullensvang BS), Helge Reinertsen (Sveio BS), Oddvar Stang (Radøy BS), Anders Lundevold (Tysnes BS), Nils Martin Seim (Voss BS), Åse-Marie Reisæter (Ullensvang BS), Arne Geir Aasheim (Radøy BS).



Litt av «Hordalandsbenken»:

Arvid, Thomas, Åse-Marie, Anders, Helge, Arne Geir, Oddvar, Tore.

Forslag nr.1 til landsmøtet frå Hordaland Bonde- og Småbrukarlag: **Reform av avtaleinstituttet og det landbrukspolitiske systemet**

(Forslaget vart fremja og vedteke på Landsmøtet 2021. Då vedtaket ikkje er følgt opp, fremjer me det på nytt).

Bakgrunn

Det norske jordbruket er i krise. 9 av 10 bønder har lagt ned sidan krigen, inntektene er låge og gjelda er rekordhøg. Bruken av norske arealar går ned og sjølvforsyningsgraden er låg.

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag meiner situasjonen i dag er eit resultat av at vi har eit politisk system som ikkje verkar. Avtaleinstituttet klarer ikkje levara verkemidlar som bidreg til at jordbruket kan levara på samfunnsoppdraget sitt. Stortinget sine overordna mål om matsikkerheit, landbruk i heile landet, auka verdiskaping og berekraft, vert ikkje fulgt opp.

Vi meiner at stortingspolitikarane vedtek forhandlingsresultat som går på tvers av stortingsfleirtalet sin vilje, på bakgrunn av ein feilslått tanke om at forhandlingsinstituttet ikkje må rørast ved. I praksis skriv Stortinget frå seg ansvaret for jordbrukspolitikken. Samstundes vert vi som forhandlingspart heldt som gissel i forhandlingar der vi ikkje har særleg stor påverknadskraft, og der sluttresultatet i stor grad er gitt på førehand.

Det er på tide at Norsk Bonde- og Småbrukarlag no våger å anerkjenne at vi har eit fundamentalt problem. I staden for å forsvare eit system som ikkje verkar, bør vi heller vera ein premissleverandør i debatten om korleis vi kan få eit politisk system som fungerer. Når meir av det same gamle ikkje løysar problemet, må vi vera modige nok til å peika på nye løysingar. Eit 70 år gammalt regelverk er overmogent for å bli revidert, og det må skje no, medan vi framleis har bønder igjen.

Eit nytt system.

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag meiner at klare, politiske mål vedtekne av Stortinget, må liggja til grunn for arbeidet til avtalesystemet. Avtalesystemet er, og skal vera, kun eit administrativt verktøy for å gjennomføra den gjeldande politikken, jf. hovedavtalen: «Avtaleverket for jordbruket har til formål å regulere tiltak som er egnet til å fremme fastlagte mål for jordbruket». Politikarane må ansvarleggjerast og få eigarskap til politikktutviklinga. Budsjettmidlane må sikra samfunnet dei kollektive godene jordbruket kan gi – sjølvforsyning, mat produsert på ein klimavenleg måte, kulturlandskap og spreidd busetnad.

Samstundes må dei politiske premissa som ligg i avtalesystemet i dag om effektivisering og bondekannibalisme, fjernast. Det er også sjølvstøtt at om jordbruket skal kunna levara på samfunnsoppdraget sitt og auka sjølvforsyningsgraden basert på norske ressursar, må vi ha klare og konkrete mål for jamnstilling av bonden sin inntekt. Eit riktig talgrunnlag som bøndene kan kjenna seg igjen i, er ein grunnleggjande føresetnad.

Korleis kan vi gjera alvor av utsagnet om at jordbrukspolitikken ikkje er til for bøndene, men for samfunnet? Eit nytt system må lukkast i å involvera fleire grupper i samfunnet til å ta eigarskap og ansvar for å styra politikken i riktig retning. Det krevjar auka medverknad,

forankring og kunnskap både i befolkninga og blant politikarane. Korleis kan ein reform levera på dette?

Prosessene me ser for oss, er at landsmøtevedtaket blir adressert til Næringskomiten, med kopi til alle parti. NBS inviterer seg så til separate møte med alle stortingsgruppene for å leggja fram forslaget.

Forslag til prosess/framgangsmåte blir slik:

1. Jordbruksavtalen av 1952 vart utforma for ei anna tid og treng revisjon. Landsmøtet ber Stortinget vedta ein revisjon som inneber at alle dei mål om kollektive gode som Stortinget har vedteke blir handsama særskilt innanfor ramma av dei årlege forhandlingane.
 2. Landsmøtet legg til grunn at dette er ein politisk sak som høyrer heime i Stortinget, og som dermed ligg utanfor det som Jordbruksavtaleinstituttet skal handsama.
 3. Landsmøte ber Stortinget påleggja Landbruksdepartementet å greia ut korleis kollektive mål kan gjerast målbare, med sikte på handsaming og vedtak i Stortinget, snarast råd.
 4. Dei mål det her er tale om er:
 - Mål om mattryggleik
 - Mål om spreidd busetting og kulturlandskap
 - Mål om miljø og klima, eit berekraftig landbruk.
- Desse måla skal handsamast på lik line med mål om produktivitet/inntekter.
5. Å gjera desse måla målbare, for å integrera dei i forhandlingane, vil krevja bruk av parameter slik at Stortinget kan kontrollera om avtalane bidreg til måloppfylling. Døme på parameter kan vere: tal på aktive bruk, innretting av produksjonen, bruk av areal, bruk av importerte innsatsfaktorar. For nokre parameter kan det ta fleire år før målbar effekt kan avlesast, men ved å etablere referansepunkt kan bruk av parameter indikera retning.
 6. Stoda på bygdene er slik at Norsk Bonde- og Småbrukarlag innstendig ber Stortinget om ein rask prosess.

Forslag nr.2 til landsmøtet frå Hordaland Bonde- og Småbrukarlag:
Prioriteringar NBS.

1. Inntekt.

Jordbruket krev inntekt på linje med andre yrkesgrupper. Dette må baserast på reelt talmateriale og kapitalavkastning, og gjelde for alle produksjonar og alle distrikt. Utan inntekt, ingen matproduksjon.

2. Politiske verkemidlar.

Det er ei erkjening i NBS at me ikkje får til ei inntektshøving utan å endre dei politiske verkemidla. Fleire 10-år med volumtankegang og stimuli gjennom investeringsstøtte har vist oss det.

Stortinget er både den bevilgande og utførande myndigheit i jordbrukspolitikken. Dei lagar retningslinjer og målsetjingar. Problemet har vore, og er, at dei har overført ansvaret til Forhandlingsinstituttet, og på den måten fjerna seg frå egne målsetjingar. Skil jordbruket oppnå intensjonane i punkt 1 må verkemidla stimulere til samfunnsoppdraget og dei målsetjingane Stortinget har:

- Mål om matvaresikkerheit og 50 % sjølvberging.
- Mål om jordbruk over heile landet.
- Mål om bærekraftig produksjon.
- Mål om lønsam produksjon, som skapar ringverknadar i samfunnet.

3. Hovudbodskaper.

Hovudbodskaper blir «Kvalitet og bærekraft på norske ressursar». Då må verkemidla i hovudsak leggast på areal og forvaltning og skjøtsel av areala.

4. Poengsystem.

Me må starte arbeidet med eit poengsystem for den enkelte gard, basert på klimasoner, høgd over havet, arrondering, hellingsgrad, mengd teigar osv.

5. Prisedskriving.

Prisedskriving på korn må avviklast.

6. Effektivitetsberekning.

Framtidige konsekvensar av effektivitetskravet må utredast og synleggjerast. Då kan berekningane danne grunnlag for at effektiviseringa i jordbruket kjem bøndene til gode. Inndragning av den såkalla effektivitetsgevinsten må opphøyre. Kanskje er det ikkje effektivitet som skal stå i sentrum. Verdier som sjølvforsyning, beredskap og kulturlandskap må få meir fokus.

7. Kjededakta.

Makta til daglegvarekjedene må begrenast. Den påfører næringa enorme tap. Det må innførast regulering av bruken av EMV slik at den vert begrensa. Kjedefabrikantane brukar EMV til å presse ut etablerte merkevarer, og styrer stadig meir av verdikjeda. Samtidig undergrev matvareindustrien stadig importvernet, med meir import av ferdigmat.

8. Handelsavtalar.

Mange handelsavtalar bør reforhandlast og vurderast på nytt.

9. Alliansar.

Me må bygge alliansar med andre som ynskjer eit anna matsystem, med rettferd til bonden, matkvalitet, korleis landet vårt skal sjå ut og bærekraft i alle ledd.

10. Strategi.

Me må vite kva me vil og våge å utfordre. Kunnskap må formidlast. Forhandlingsinstituttet har gitt jordbruket lite, det er på tide å sette standard.

Jordbruksforhandlingane 2022. Innspeil til NBS frå Hordaland BS.

Kor viktig det er med matvareberedskap ser me tydelegare for kvar dag som går. Hendingane i Ukraina har gjort det endå meir aktuelt enn dei fleste såg for seg.

Målet om 50% sjølvforsyning krev endringar: Inntektsutjamning innad i jordbruket blir viktig, elles vil forskjellane halde fram med å auke. For å unngå overproduksjon må midlane tildelast på areal, og i botnen. Tilskot må flyttast frå volum til areal. Kulturlandskapstilskotet er flatt, det har uheldige følger. Det må stimulerast til planteproduksjon.

Ein økonomi på bristepunktet, i tillegg til stadig nye krav og pålegg, gjer at jordbruksforhandlingane dette året blir eit vere eller ikkje vere for svært mange bønder. Dessverre er det mest lønsame ein kan gjere i dag, å leggje ned drifta.

Inntekt

Kompensasjon for den dramatiske prisauken på innsatsfaktorar må sjølv sagt kome i tillegg til tetting av inntektsgapet, og dei to tinga må haldast strengt skilt frå kvarandre. NBS må stå fast på at kostnadskompensasjon må vere klar og liggje fast, før det er aktuelt å gå inn i forhandlingar om tetting av inntektsgap. Desse tala burde det ikkje bli usemje om.

Mange ser for seg at ¼ av etterslepet skal takast pr. år i 4 år. Me meiner at ein bør starte med ½ -parten første året, både for å avhjelpe ein kritisk situasjon og skape tiltrengd optimisme.

Storleiken på ramma. Har NBS ein plan for kva som skal skje om NBS og NB ikkje blir samde om ei felles ramme?

Mjølkeproduksjon.

NIBIO-rapporten «Konsekvensar av nye krav om dyrevelferd i 2024 og 2034» av Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen og Anders Halland, Avdeling for driftsøkonomisk analyse, viser kor dramatisk situasjonen er for mjølkeproduksjonen i Vestland fylke. Spørreundersøkinga som det er referert til er gjort før kostnadsveksten slo inn for alvor, så dei faktisk tala er nok enno verre idag. Det understrekar alvorret endå sterkare fram mot forhandlingane i år.

Over halvparten av verdiskapinga i landbruket i fylket kjem frå mjølkeproduksjon. I tillegg skaper næringa ringverknader i samfunnet, og er viktig for busetnad og samfunnsaktivitet i mange område i fylket. Nye krav til dyrevelferd og innføring av ny teknologi i produksjonen er ei større utfordring i Vestland enn mange andre område. Små driftseiningar og vanskeleg arondering med mange små og spreidde teigar, og jord som ikkje toler beitetrykk, er utfordringar for vestlandsbonden. Ei spørjeundersøking blant bøndene viser at 19 prosent vil avslutte drifta alt i 2024 når dei nye krava til beite og kalvingsbinge trer i kraft. Ytterlegare 24 prosent vil avslutte etter at lausdriftskravet vert innført frå 2034. Dette vil gi ein nedgang på høvesvis 32 prosent og 19 prosent i forhold til dagens volum. Om lag 700 bås fjøs må fasast ut fram til 2034. For å halde oppe fylket sin del av den nasjonale produksjonen i framtida, er det nødvendig å investere mellom 2,5 og 2,8 mrd. kr. I spørjeundersøkinga blant produsentane,

var betre økonomi i produksjonen det viktigaste tiltaket for å auke interessa for framtidig mjølkeproduksjon. Analyse av lønsama i mjølkeproduksjonen under dagens rammevilkår, viser at det i dag ikkje er lønsamt å bygge ut for buskapar under 35 kyr.

Me ser at ei oppheving av lausdriftskravet truleg blir vanskeleg eller umogleg, me foreslår likevel at kravet berre skal gjelde ved nybygg. Då Stortinget vedtok at all mjølke- og storfeproduksjon frå og med 2034 skal gå føre seg i lausdriftsfjøs, var grunngevinga betre dyrevelferd. Var Stortinget klar over konsekvensane av dette vedtaket? Og er det slik at ein har sikra dyrevelferd berre kyrne får gå fritt i store fjøs? Betre dyrevelferd må kunne løysast på fleire måtar. Konsekvensane av dette kravet blir i alle fall ein av dei største strukturendringane i norsk jordbruk noko sinne, med ein prislapp på cirka 20 milliardar. Og heilt klart svekka matvareberedskap.

Me foreslår eit «lausdriftstilskot» som skal gå til dei minste bruka som må leggja om frå bås fjøs til lausdriftsfjøs. Ein stor del av mjølkebruka i Vestland har under 15 mjølkekyr, og dei er viktige og avgjerande for miljø, lokalsamfunn, beredskap, kulturlandskap og utnytting av ressursane i fylket. Difor må tilskota innrettast slik at også desse bruka får ta del i tildelingane av tilskot. Arealgrunnlaget må liggje i botn, og det skal ikkje vere krav om auka produksjon.

Me meiner at dagens tilskotsprosent på maks 35% må aukast til 50% ved utbygging på bruk med mindre enn 20 kyr etter utbygging. Taket på tilskotet for denne bruksstorleiken bør også aukast til 3,5 millionar.

I tillegg foreslår me ein rentegaranti som trer i kraft dersom lånerenta aukar over ein viss prosent.

I tillegg foreslår me eit rentetilskot for denne bruksstorleiken – dette for å sikra at store svingingar i rentenivået dei første 15 åra etter utbygging ikkje skal få regative konsekvensar for økonomien på bruket. Rentetilskotet kan gjevast til dekking av rentekostnader når renta kjem over 5%.

Det viktigaste er likevel at det er økonomi i drifta. Er det ikkje det, er det heller ikkje vits i å investere. Me meiner generelt at meir av tilskota må over på areal. Det må vere tilskotstak på produksjon og mest tilskot på første årsverk på alle tilskot.

Det bør også stimulerast til meir beitebruk i mjølkeproduksjonen (i dag utgjer beite berre kring 10% av fôrbehovet). Dette kan gjerast med f.eks. samarbeidsløysingar om transportable mjølkegraver til beite som ligg langt frå fjøsen. Beitekrav må samtidig innskjerpast, og det må stimulerast til beiting i tilskotsatsane.

Ammekyr/storfekjøtproduksjon.

Ut i frå sjølvbergingsprinsippet er det viktigare med ammekyr i grasdistrikta enn i marginale områda i korndistrikta. Det må leggjast til rett for at ammekyrproduksjonen vert auka/styrka i områda der grasproduksjon er einaste produksjon. Skal me auka sjølvforsyninga i landet vårt



– bør me gjennom arealtilskotet for korn gjera det lønsamt å dyrka korn også i dei marginale områda for korndyrking. Dette fordi me dei siste åra ser sterk auke i ammekyrtalet både i delar av Rogaland og kornområda – medan nedgangen er urovekkjande stor i dei typiske grassområda. Den viktigastoppgåva vår vert gjennom tiltak å snu denne trenden. Me må bruka soneinndelinga i driftstilskotet mykje sterkare enn me gjer i dag – samt at me må få struktur på dyretilskotet. Me må ta ned driftstilskotet i kornområda slik at det ikkje stimulerer til ammekyrproduksjon. Det same gjeld for delar av Rogaland.

Me bør også få ein sterk auke i dyretilskotet for dei første 15 ammekyrne. I kornområda bør søknader om investeringsmidlar til korntørke og lager prioriterast før søknader om midlar til utbygging for mjølk, ammekyr eller sau.

I dag har me ei form for soneinndeling på dyretilskotet til avlsgris og verpehøns – men ikkje på dyretilskotet for drøvtyggarane. Me meiner det bør vurderast om det også bør innførast soneinndeling på dyretilskotet til drøvtyggarane også. Dette er turvande dersom ein skal makta å utjamna den inntektsforskjellen me i dag har mellom dei ulike referansegruppene samt auka bruken av areal att i områder der areal ut av drift er størst. Det vil og vera eit tiltak som kan bidra til å nå målet om sjølvforsyning på 50%.

Me bør få eit tilskot til kastratar på kr 3000,-. Dette vil vera med å redusera kraftforforbruk i storfekjøttproduksjonen mykje – samt at bruken av beite vil auka. Eit nytt tiltak som vil auka sjølvforsyningsgraden.

Sau

Samanlikning av vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk for referansebruka mot gjennomsnitt løn for lønsmottakar viser ein differanse på om lag kr 370.000 for referansebruka for sau Vestland.

Det er og stor differanse i inntekta innanfor dei same driftstypene. Sau på Vestlandet har om lag kr. 100.000 mindre i årsverksinntekt enn dei andre referansegruppene for sau i landet. Inntektsløftet bør gjennomførast i to trinn. Først bør ein ha som mål å utjamna den store inntektsforskjellen me har mellom dei 3 referansegruppene i sauehaldet – neste trinn vert å tetta inntektsgapet mellom sauehaldet og samanlikningsgruppa.

Me er usikker på om det er rett og innføra eit nytt dyretilskot i sauehaldet – men me trur tida er inne for å innføra eit driftstilskot i sauehaldet og. Tilskotet bør ha eit intervall frå 1-75 sauer over året. Tilskotet bør ha soneinndeling der dei typiske grasområda – samt områder med mykje unytta fjellbeite må få høgaste sats.

Lammetilskotet er eit av fleire tilskot innan sauehaldet som ikkje har struktur – samt at det til ein viss grad er produksjonsdrivande. Me meiner difor at lammetilskotet bør redusert ein del og at midlane i sin heilheit vert overført til eit nytt driftstilskot.

Det bør vera eit tak på dyretilskotet ved 150 med eit intervall 1-75 og 76-150.

I dag har me ei form for soneinndeling på dyretilskotet til avlsgris og verpehøns – men ikkje på dyretilskotet til drøvtyggarane. Me meiner det no bør innførast soneinndeling på dyretilskotet i sauehaldet også. Dette er turvande dersom me skal makta å utjamna den inntektsforskjellen me i dag har mellom dei 3 referansegruppene innan sauehaldet. Soneinndeling av tilskotet vil vera eit tiltak som me kan bruka for å styrka sauehaldet i

områder der areal ut av drift er størst – slik at areal kan komma i drift att. Eit av fleire tiltak som gjer det mogeleg å auka sjølvforsyninga i landet – samt at me kan nå målet om eit landbruk over heile landet.

Me har sett at det har vore ein nedgang i tal sau på utmarksbeite dei siste åra. I tidlegare Hordaland fylke har enkelte lag i organisert beitebruk hatt ein nedgang i tal bruk på opptil 50%. Dette har medført at mange lag som organisera beitebruken i fjella i fylket har problem med nok folk til sanking m.m.

Me må styrkja dei ordningane me har i dag innanfor organisert beitebruk – samt sterk auke av tilskotet til sau på utmarksbeite. Me bør kutta tilskotet til sau på beite og overføra midlane til tilskot på utmarksbeite. Forsking viser at beitetilskotet som vert gjev på grunnlag tal sau og lam ikkje har gjev meir bruk av innmarksbeite av sau/lam. Mykje av dei dyra som gjennom sommar går på innmark har også god tilgang til kraftforautomatar. Gjennom organisert beitebruk bør me auka investeringsmidlane mykje til tiltak i beiteområda samt hjelpemidlar som sikringsradioar, gpr-bjølles og droner m.m Det same gjeld drift av laga.

Ammegeit.

Det er på tide med ei oppvurdering av ammegeita, ikkje minst grunna funksjonen geita har som landskapspleiar. Tilskotsordninga for ammegeit er for dårleg, og det vil vere naturleg å nytte same tilskotsmodell som for sau, då dei to produksjonane har mange likheitstrekk, som lamming/kjeing om våren og slaktning om hausten. No får ein kun tilskot for geit som har kjea, det rimelege ville vere same reglar som for sau, tilskot for alle dyr født i fjor eller tidlegare. Då ammegeit er ein ekstensiv produksjon, er det ofte rett å vente med paring til 1,5 års alder, og dermed har ein ikkje rett på tilskot før dyra er 3 år gamle. Derfor ynskjer me at ammegeit vert likestilt med sau ved utmåling av tilskot.

Investeringsmidlar.

Alle typar utbygging må ha lik tilgang på rimeleg kapital. Er det lønsemd i ei utbygging ut frå kriterium som t.d. nytting av grovføret, miljøspektet og at økonomien på bruket bidreg til vidare drift av garden – skal ikkje søknaden om lån og tilskot avvisast av Innovasjon Norge. Det skal heller ikkje spela nokon rolle om det skal byggjast til 30 eller 200 vinterfora sauer – eller til 10 kyr eller 40 kyr. Alle storleikar er like viktige berre dei er tufta på garden sine ressursar og bidreg til at dei som eig og driv finn mening i å halda fram. Det er no på høg tid at retningslinjene for tildeling av IBU-midlar vert flytta frå sentrale føringar til ei regional forvaltning der detaljane i verkemiddelbruken av IBU-midlane vert fastlagt regionalt. I dag er den regionale råderetten avgrensa til kva produksjonar som skal prioriterast. Me meiner at partnerskapet må få større handlingsrom til å fastsetja detaljane i regelverket regionalt. Dette fordi det er store regionale skilnader når det gjeld trong for fornying og utvikling av næringa.

Det er difor viktig at det kjem på plass ei innretning av investeringsmidlane slik at økonomien på desse bruka kan styrkast ved ei utbygging der arealgrunnlaget ligg i botn. Økonomisk må det leggjast til rette for at det ikkje skal vera turvande eller krav til auka produksjonsvolum på utbyggingsbruka.

Teigbaserte tilskot.

I fleire år har me snakka om eit driftsvansketilskot utan at me har kome vidare. Målet må vera å utjamna forskjellane i avling i forhold til det som er optimalt. Då må det takast omsyn til brattlendt areal, teigblanding og teigstørrelse. Ordninga må kunne kontrollerast.

Er målet vårt ein ny kurs – så treng me virkemidlar som ikkje har vore utprøvd før. I dag får me mest tilskot til den arealtypen som gjev størst avling per da. og arbeidstime. Den arealtypen som gjev lågast avling per da og arbeidstime går mest ut av drift.

Me bør erstatta dagens innretning av grovførtilskotet og gje det eit nytt innhald. Gardskarta gjev oss moglegheiter til å utlikna driftsulempar mellom bruk heilt ned på gardsnivå. Me kan ikkje la vere å ta i bruk den teknologien som gardskarta gjev oss til å utjamne den store uretten det er i dag mellom bruk ved utrekning av grovførtilskotet. Me bør erstatta dagens grunnlag for utrekning av grovførtilskotet og gje det eit nytt utrekningsgrunnlag. Som i dag må dei tre arealtypande liggja i botn. Me må leggja inn faktorar for arealtype slik at me får jamna ut produksjonskostnadane pr. f.e. på dei ulike arealtypepane. Vidare må det gjevast tillegg for slått av brattlendt fulldyrka og overflatedyrka. Tal teigar må òg gje auka tilskot.

Eksempel:

Grovförtilskotet til eit bruk på 100 da med areal fordelt slik:

20 da fulldyrka, der 5 da er bratt 1:5.

Overflatedyrka 30 da, der 5 da er bratt 1:5 og 5 da er bratt 1:3.

Innmarksbeite 50 da.

Då vert tilskotet utrekna slik i dag:

Fulldyrka/overflatedyrka 50 da = 50 da

Innmarksbeite 50 da.. faktor 0,6 = 30 da

Grunnlag for tildeling av tilskotet = 80 da

I tillegg kjem ev. brattlendt tilskot RMP

Døme på ny modell:

Fulldyrka 15 da faktor 1,0 = 15 da

Overflatedyrka 20 da faktor 1,1 = 22 da

Innmarksbeite 50 da faktor 1,2 = 60 da

Overfl. dyrka/fulldyrka bratt 1:5 10 da faktor 1,7 = 17 da

Overfl. dyrka/fulldyrka bratt 1:3 5 da faktor 2,0 = 10 da

Grunnlag for tildeling av tilskotet =124 da

Føretiltaket bør få tillegg i tilskotet for tal teigar under 3 da. For eks. 1-5 teigar eit tillegg på 5% av utrekna arealtilskot. 5-10 teigar 7% tillegg. Ved >11 teigar eit tillegg på 10 %.

Tilskot til brattlendt vert med dette dømet ei sentral ordning og dermed teken ut av RMP.

Me meiner at modellen også kan nyttast til utrekning av arealtilskotet til frukt og bær.

Me er sikker på at denne modellen vil vera med å jamna ut dei store forskjellane me har i driftsulempar mellom bruk innan same bygd og ikkje minst innan same sone. Dei opplysningane som trengs for å fylla ut søknadsskjema kan hentast frå digitale gardskart.

Korn og kraftfor

Prisen på korn må opp. Midlane som går til nedskriving kraftfôr må reduserast kraftig og på sikt fjernast.

Frukt

Sjå vedlegg frå Hagebruksutvalet.

Trappetrinnsmodellen

Hordaland BS, Ullensvang BS og Hagebrukutvalet har hatt trappetrinnsmodellen med kvart år i sine jordbrukskrav. Den er vedteke på to landsmøte og er med i NBS si politiske plattform. Ein har ikkje fått noko god forklaring på kvifor ikkje NBS ber LD om at trappemodellen vert utreda av LD.

Nedtrappingsmodellen eit godt verktøy, kanskje det einaste som er brukande, for å redusera dei største overføringane.

Grunngjeving:

- Store bruk har stordriftsfordelar. Det ligg ikkje i dagens tilskotsordningar
- Med eit fast tak på tilskot vil ein få oppdelingar av drifta på fleire føretak.
- Med for mange tak på tilskot på enkelte produksjonar vil ein få produsentar som tilpassar produksjonen sin til tilskotsordningane.
- Det er garden sine ressursar, marknaden og bonden sin kunnskap som skal avgjera kva ein bør produsera.
- Det er satsar / soner og andre tilskot som skal få opp lønsemda på bruka i alle delar av landet.
- Nedtappingsmodellen skal trappe ned tilskota til store bruk, uavhengig om dei er på Jæren eller i Finnmark.
- Det er ikkje noko motsetning mellom pyramidemodellen, som går på produksjon, og nedtappingsmodellen, som går på samla kronebeløp pr. bruk.
- Nedtrappingsmodellen skal brukast på produksjonstilskotet som vert utbetalt direkte til produsent.
- Lett å innføra med dagens system som har kun ei utbetaling i året av produksjonstilskota.
- Budsjettmidlane som vert teke ned med nedtrappingsmodellen, kan brukast på soner/satsar/ pyramidetilskot på små og mellomstore bruk for å løfte økonomien til dei.

Første runde er å få innført eit prinsipp og vedtak om å få ned noko av dei største overføringane. Så er det ei forhandlingssak kva starttrinn og trinn oppover skal vera. For samdrifter må ein ha eigne trinn.

Forslaget bør innom Landbruksdirektoratet for utredning.

Håpar at Forhandlingsutvalet tar det med i sine krav i år!

RMP

Av ei RMP-ramme i Hordaland på 66,8 mill. går ca. 10 mill. til tilskot til nedlegging av husdyrgjødsel. På slangespredning er der høge satsar som stor sett går til den beste og flataste jorda i dei beste jordbruksdistrikta. Det er stort sett dei største bruka som kan nytte seg av dette, mange har ikkje moglegheit. Det kjem også fleire og fleire meldingar som er negative til miljøgevinsten av dette tiltaket.

Dette tilskotet skulle vore redusert til fordel for andre tiltak som gjev klimaeffekt.

Eit av dei mest dokumenterte og effektive tiltaka går på tilsetjing av biokol til jord. Biokol er ein av dei mest effektive tiltaka for å binde karbon og dermed auke karboninnhaldet i jorda, også i eit langtidsperspektiv. Vi foreslår at det utarbeidast tilskotsordningar for bruk av biokol i Noreg, gjerne som ein del av RMP-systemet.

Klima og klimarådgeving:

Jordbruksavtalemidlane skal og bør vere midlar til bonden. Ved jordbruksforhandlingane 2020 vart det løyvd pengar og vedteke at bøndene skulle få klimarådgeving. Eit stort antal personar frå Tine og landbruksrådgevinga har gått på kurs og blitt sertifisert som klimarådgjevarar. Å finne løysingar på klimakrisa er viktig, men spørsmålet er om det å lønne personar utanfrå, er rette måten å løyse utfordringane på. Særleg når det verkar som om etterspurnaden etter slik rådgeving er lågare enn tilbodet.

Me føreslår at bøndene får eit auka arealtilskot for å drive klimaarbeid på eigen gard. Då vil ønsket om meir kunnskap kome nedanfrå, og interessa for å lære vil bli større. Fleire land har innført ekstra tilskot til dei som klarer å binde karbon i jord.

Velferdsordningane

Dagpengar.

Reglane for reduksjon/fjerning av dagpengar til permitterte som også driv gard er heilt urimelege. Reduksjonen vert berekna ut frå driftsomfanget, ikkje inntekta i drifta. Dette får dramatiske følgjer for dei som har lite eller ikkje overskot i drifta, og i tillegg ikkje får dagpengar ved permittering. Dette må takast opp på nytt.

Pensjon.

Pensjonsordninga bør verta meir fleksibel, og ikkje vera låst til 62 år. I mange tilfelle er det gode grunnar til å overføra garden før ein har nådd 62 år, og det bør verta mogleg.

Hordaland Bonde- og Småbrukarlag 1.mars 2022

BLI FAMILIEMEDLEM

i Bergen og Hordaland Turlag



*Gjelder to voksne og alle barn inntil 26 år på samme adresse. Barn inntil 12 år overnatter gratis på Turlagets hytter.

Bergen og Hordaland Turlag



Foto: Andrei Mergen / Shutterstock

Uttale til fylkespolitikarane i Vestland frå Hordaland Bonde- og Småbrukarlag 19.01.2023.

I Hurdalsplattforma står det:

«Samfunnsoppdraget til jordbruket er å sikre Noregs befolkning nok og trygg mat produsert på norske naturressursar, og slik bidra til arbeid, god ernæring og helse. For å sikre landbruk over heile landet, auka verdiskaping og redusert klimaavtrykk er det naudsynt å auke lønsemnda i bruk av jordbruksareala.»

For at jordbruket/bonden skal kunna oppfylle dette, er det naudsynt med ein politik og verkemidlar som gjer det mogleg. Sikkordet er areal. Som det står i Hurdalsplattforma, må det verta meir lønsamt å bruke jordbruksareala. Får ein ikkje til ein endring her, blir det ingen auka sjølvforsyning.

Jordbrukspolitikken idag fører til mykje jordbruksareal ute av drift. Stadig færre bønder gjer at stell av mykje jordbruksland ikkje blir utført. Effektiviseringa har gått alt for langt, og Vestland fylke er mellom dei i Noreg med mest areal ute av drift.

Bruk av tungdrivne areal er mykje meir arbeidskrevjande enn bruk av billeg kraftfor til husdyra. Resultatet vert at mykje slåtteareal og beite ikkje vert nytta, men erstatta med kraftfor.

I jordbruksavtalen vert diverre meir og meir pengemidlar brukt til «prisnedskrivning» av kraftfor.

Dette er ikkje bærekraftig matproduksjon fordi jordbruket vårt blir altfor avhengig av importerte forråvarer.

Meir av midlane over jordbruksavtalen må koma som tilskot til det vanskelegaste jordbruksarealet.

Med dei datateknologiske hjelpemidla me har i dag, som detaljerte gardskart, kan større del av det tungdrivne og vanskelege arealet få meir av tilskota. Vestland har mykje slikt areal. Miljøregionale tilskot i dag brukar slik teknologi.

Innmarksbeite, areal som ikkje er fulldyrka eller overflatedyrka, må få større verdi med auka tilskot.

Dette er viktige beiteareal som har stor verdi også i klimasamanheng og med tanke på biologisk mangfald.

Hurdalsplattforma slår fast at lønsemnda i norsk jordbruk må styrkjast. Då må politiske myndigheiter fyrst slå fast at dei voldsame kostnadsaukingane jordbruket opplever skal kompensert slik at inntektsauke vert reell.

For mjølkeproduksjonen i Vestland fylke er framtida alvorleg dyster fordi så mange mjølkebruk framleis driv med bås fjøs. Stortinget har vedteke at mjølkebruka skal produsera med såkalla lausdrift frå 2034 seinast. Det må mykje friske pengar til for å gje dei minste mjølkebruka framtidstru med lausdrift, og det hastar. Investeringsmidlar må prioriterast i



størst grad til dei minste og mest sårbare mjølkeprodusentane. Det må bli slutt på krav om produksjonsauke for tildeling av investeringsmidlar.

Vestland fylke er eit stort jordbruksfylke innan mange produksjonar i Noreg idag, men kjem dårleg ut i sentraliseringa og effektiviseringa som stadig skjer innan jordbruket. Me treng hjelp av aktive fylkespolitikarar for å motverka denne utviklinga. Sentralt her er ein god og bærekraftig bruk av alt jordbruksarealet vårt, også det vanskelegaste.

Marknadshagar (grønsaksdyrking på forholdsvis små areal, der produkta vert selde lokalt) bør koma med i tilskotssystemet. Fleire fylke engasjerer seg i dette allereide, og Statsforvaltar i fleire fylke har engasjerte folk med kunnskap om dette.



Lundal[®]
KVALITET SIDAN 1870

www.johslundal.no

Styret i arbeid.

Dette året har me hatt 4 fysiske styremøte og 3 styremøte på Teams. Teams er eit godt verktøy å bruke i mange høve, men det kan ikkje erstatte dei vanlege møta fullt ut. Det er kjekt å få snakka skikkeleg rundt bordet, og det er sosialt og hyggeleg å treffast.

I desember var me invitert til Lystgården på Landås for å bli litt kjend med Bybonde-teamet. Elles har me hatt styremøta våre på Halljem Kafe og Strutsfarmen. Gode møteplassar. På styremøtet i januar fekk me besøk av den nye klimakoordinatoren i Vestland, Lene Vangberg Monsen. Ho understreka kor viktig det er med samarbeid for å få levande bygder, noko ho gjerne vil bidra til gjennom å skape inspirasjon og synleggjere gode tiltak. Samarbeid om arrangement er også aktuelt. Klimakalkulatoren har store svakheiter, men klimakoordinatoren håpar at fleire vil ta den i bruk, slik at den på sikt kan forbetrast. Me hadde ein god diskusjon og me er einige om mange ting. Likevel saknar me meir heilskapstenkjing og kunnskap om levande jord.

Til jordbruksforhandlingane sender me kvart år inn våre innspel til NBS. Dette året vil me ha spesielt fokus på importvern, verkemidlar som ikkje stimulerer til overproduksjon, sjølvforsyning og kjedemakta.

Styret i Hordaland har også spelt ei aktiv rolle for å få på plass eit nytt og slagkraftig NBS-styre.

HBS deltek på møte i Landbruksråd Vestland og i Landbrukspartnerskapen. På møta i Partnerskapen opplever me at det er ganske umogleg å nå fram med våre synspunkt, det er lite og ingen respons på det me tek opp. Det viser seg dessutan at det ikkje vert ført referat frå desse møta, noko me meiner må krevjast.

Lokallag som ynskjer besøk frå fylkeslaget til årsmøta sine, får dette oppfylt så langt det går. Kvart år får fire av laga forsikringsmidlar dersom ein frå fylkeslaget held innlegg om forsikring og HMS. Me har også planar om ei samling til våren, det som tidlegare vart kalla markvandring, med tema HMS.

Sommarturen vår dette året gjekk til Skjolden saman med Sogn og Fjordane BS.

Bybonden i Bergen.

Den nye Bybonden i Bergen inviterte styret i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag til eit møte, slik at me skulle bli litt kjende med kvarandre. I desember la me styremøtet vårt til Lystgården på Landås, der Bybonden og «Bærekraftig liv på Landås» held til. Lystgården er ein gammal ærverdig herskapsvilla med ein stor hage der det vert dyrka litt av kvart, men i det kalde vinterveret vart det til at me heldt oss inne. Der var det fyr i ovnen, og me hadde det triveleg. Bybonde-teamet er Mari Beitnes, Kristin Hermansen og Kathinka Kilian, og det var hyggeleg å få helse på dei. Liv Karin Thomassen frå «Bærekraftig liv på Landås» starta med å fortelje om alt som skjer i og rundt huset, og det er ikkje lite. I tillegg til parsellhagar, har dei og fått i stand skulehagar. Kunnskapsformidling er sentralt i arbeidet, det vert arrangert kurs for å spreie både kunnskap og inspirasjon og dei vil gjerne gjere lokale bønder meir synlege. Marknadshagar er in i tida og er velegna her på Vestlandet, der grønnsaksdyrking i stor skala ofte er vanskeleg. For å skape ei opning for interesserte utan jord, kartlegg Bybondeteamet aktuelle areal som ikkje er i drift og prøver å formidle mellom eigar og interesserte leigetakarar.

«Sosial gastronomi» er eit spennande tiltak. Ved eit langbord blir det invitert til eit godt måltid og gode samtalar. Det er frivillige som driv dette, og kven som helst kan melda seg på.



Dette er berre litt av alt det spennande som skjer, og me er veldig glade for at Bybondeteamet ynskjer meir samarbeid med oss. Det gler me oss til.



Styremøte på Lystgården. Leif, Tina og Anders.

Bondens marknad i Bergen.

Bondens marknad i Bergen har eksistert sidan 2003, og har kvart år arrangert marknad sentralt i byen ca. kvar 14. dag gjennom mesteparten av året. Produsentane som sel varene sine består av bønder og lokalmatprodusentar frå heile vestlandet, og det er plass til fleire. Spesielt grønnsaksprodusentar er ønska.

Bondens marknad vart starta etter initiativ av bl.a. Norsk Bonde- og Småbrukarlag, og skal vere ein lavterskel salskanal for lokalprodusert småskalamat.

Etter to år med lågare sal pga restriksjonar, har det siste året vore eit godt løft. Salet går veldig bra, og det er mange kundar som finn oss på Fisketorget i Bergen.

Det er eit godt miljø og samhald produsentane imellom, og det er triveleg å stå i lag ein heil dag og selje varer og treffe faste kundar.

Dei faste kundane er det mange av, og det er desse som gjer det verd å ta turen til Bergen. Det er givande å ha eit personleg forhold til dei som kjøper og et maten vi produserer, og det gev nyttige tilbakemeldingar til oss som produserer.

Det å informere om kvalitet på råvarer, og det daglege livet som bonde kjennes nyttig, og er det også. For framtidens jordbruk i Noreg treng vi ei sterk støtte i befolkninga, og då må folk kjenne jordbruket.

For oss som lever av ein gjennomsnittleg vestlandsgard er det også heilt nødvendig å selje varene våre direkte for å ha god nok økonomi til å vere heiltidsbonde.

Vil du ha meir informasjon, eller kan tenkje deg å verte prøve-produsent i Bondens marknad Bergen, ta kontakt på bergen@bondensmarked.no

For styret,
Dag Kyrre Lygre

ALLSIDIG LASTERTRAKTOR



Pris
489.000,-
Inkludert laster - Stoll 30-16P
eks mva, frakt & klargjøring

DEUTZ-FAHR 5080 D KEYLINE

Liten og lett 2,48 m høy og 3200 kg i nytt design

- ✓ Stage V
- ✓ 75 hk - uten adblue
- ✓ 3 doble hydraulikkuttak, 540/540E PTO
- ✓ Panoramahytte med sidemontert eksos
- ✓ 30/15 girkasse med krypegir
- ✓ Skivebremsar i foraksel
- ✓ 360/70-20 + 420/70-30 dekk



ISEKI - NORGES MEST SOLGTE KOMPAKT TRAKTOR

ISEKI TG 6687

- ✓ 65 Hk stage V 4-sylinder
- ✓ 47,8 L hyd. pump
- ✓ Luksus Hytte m/AC -78 db
- ✓ Bakrute m/varme og visker
- ✓ Led arbeidsllys
- ✓ Hydrostat m/cruise controll
- ✓ Valgfri hjul - Agrieller Turf

Pris fra
429.000,-
eks mva, frakt & klargjøring





Ta kontakt med oss i dag - post@solbergmekverksted.no
Solberg Mek. Verksted AS, Solbjørg 41, 5282 Lonevåg T: 56 19 38 38

Voss | Rekneskap AS

Autorisert rekneskapsførarselskap

Mentorordninga i landbruket.

Er du nyoppstarta bonde? Eller skal du gjere større forandringar i drifta? Gjennom mentorordninga kan du få besøk av, og besøkje ein erfaren bonde som driv med det du har lyst til å lære meir om. Eller kanskje du er ein erfaren bonde som har lyst til å vere mentor? Ordninga har fått mykje skryt, og det er etter kvart mange som har nytta seg av tilbodet. Ordninga er organisert av NLR og vert finansiert over jordbruksavtalen. Det er gratis å nytte seg av ordninga.

Mentorordninga i landbruket inneber at du som er ny bonde gjer ei formell avtale med ein erfaren kollega om å vere diskusjonspartner i drifta gjennom eitt år. Tilbodet omfattar alle produksjonar, også Inn på tunet, lokal foredling med meir. Søknadsfristen er 1. desember for påfølgjande år.

Alle mentorpar er tilknytte ein regionkontakt i NLR. Før dei set i gang får dei opplæring i kva opplegget går ut på og kva det vil seie å vere/ha mentor. Opplæringa skjer regionvis, der mentorar, nye bønder og regionkontaktar i NLR møtes.

– Eg vil sterkt oppmoda alle som er nye i landbruket, eller starter nye næringar på garden, om å søkje Mentorordninga i landbruket, seier Mette Feten som er ansvarleg for ordninga i NLR.

– Du får gode, praktiske råd frå ein erfaren bonde. Av og til kan det vere vanskeleg å spørje ein nabo eller kollega om råd igjen og igjen. Då er det lettare med fast mentor som får godtgjersle, seier Feten.

– Vi treng også fleire dyktige bønder som kan dele av sin kompetanse, seier ho.

Ho meiner det er eit godt tilbod til alle som er nye i landbruket, og oppmodar alle ferske bønder til å søkje.

Mentorpara inngår ein avtale som inneber kommunikasjon og møter gjennom eitt år. Mentor får godtgjering for arbeidet. Tilbodet er gratis for ny bonde.

Har du spørsmål, eller vil melde di interesse som «ny bonde» eller «mentor»?

Sjå www.nrl.no/mentor for påmeldingsskjema, eller kontakt:

Leif Trygve Berge, NLR Vest, 982 45 839, leif.trygve.berge@nlr.no

REKO

Sidan oppstart av REKO-ring under prosjektet «Matnyttig» i 2017 har utviklingen av REKO-ringer i Norge vore enorm. REKO-ringar i hele Norge har blomstra opp og i august 2021 var det over 134 REKO-ringar i Norge. Interessa for REKO-ringar har vært stor og NBS har hatt veldig mange henvendingar i forbindelse med REKO og dei ulike utfordringane som salskanalen står i.

I juni 2021 til oktober 2022 har Marte Olsen vore ansatt som prosjektleiari. Frå august 2021 til mars 2022 blei Irene Dalland ansatt som vikar for Marte då Marte var i mammapermisjon i denne perioden.

Hovedmåla for prosjektet er:

1. *Et sjølvstendig REKO*
2. *REKO-ringen skal vere ein seriøs plattform for salg av lokalmat og har eit godt omdømme*
3. *God tilgjengeligheit på lokalmat for kunden*

Kva har blitt gjort i prosjektet?

- Veiledning produsentar, administratorar og kunder
- Ferdigstilling av ei felles informasjonsside for REKO-Norge
- Kartlagt suksessfaktorar for REKO
- Arrangert nasjonale samlingar for produsentar og administratorar
- Sett på alternative bestillingsplattformer og samarbeid med aktørar angående dette.
- Informert produsentar og administratorer om lovverk, kurs og veiledere via felles facebookgruppe.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag ynskjer å vere ein brubyggjer mellom produsentane og kompetansenava, gjennom å samanstilla informasjon og gjere den lett tilgjengeleg.

Nettside

Arbeidet med nettsida «www.rekonorge.no» blei ferdigstilt og denne blei lansert februar 2022. Dette er ein informasjonsside til kunde, produsent og administratorar. Der finn du informasjon om kvar det er REKO-ringar i Norge, korleis starta opp ein REKO-ring, korleis administrera ein REKO-ring, korleis selga varer på ein REKO-ring, veikart for produsentar og mykje meir. Den er lett tilgjengeleg og oversiktleg. Henvis gjerne personar til denne sida dersom dei lurar på noko angående REKO-ringar i Norge.

Seminar

Fredag 28/10-2022 arrangerte REKO-prosjektet eit REKO-seminar på Hamar i forbindelse med landsmøtet til Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Det var to innleigde føredragshaldere på seminaret:

Marius Thommesen, med «10 ting du bør vite om sosiale medier» og Ferskvann – «Facebook og Instagram, tips og triks». Seminaret blei streamet på NBS sine nettsider.

Dette kjenneteiknar REKO:

- Ein enkel og effektiv metode for omsetnad av norskprodusert mat
- Ein lavterskel salgskanal
- Folkeopplysning
- Ingen mellomledd - høgare fortjeneste til bønder og matforedlarar
- Personleg - ærleg marknadsføring frå produsent til forbrukar



- Møtestad for produsentar og bønder
- Møtestad for medvitne forbrukarar

Framdrift vidare

Norsk Bonde- og Småbrukarlag har inne ny søknad til Innovasjon Norge for vidare REKO-prosjekt, der sluttmålet er å finna ein god organisering og driftsmodell vidare for REKO-ringane i Norge og ikkje minst få auka salet på REKO-ringane. Denne søknaden er ikkje ferdig behandla men me vonar at NBS skal få fortsetja det viktige arbeidet med å oppretthalde REKO-ringane i Norge.

Irene Dalland

HORDANGER
FJORDFRUKT BA

Tlf. 40 03 48 80
www.fjordfrukt.no

Vi ønsker Hordaland Bonde og Småbrukarlag lykke til med årsmøtet og et viktig arbeid for Norsk landbruk. Vi ser fram til fortsatt godt samarbeid.

neil
TIL EU

Meld deg inn i Neil til EU med SMS
Send følgende SMS-melding NEITILEU <DITT NAVN OG POSTADRESSE> til 2090 (200,-)

Hvorfor skal EU bestemme over Norge når folket har sagt nei? Vi krever at folkestyret respekteres!

Hordaland Nei til EU www.neitileu.no

1.mai 2022 i Odda.

I Odda vert 1.mai framleis markert. Folk samlar seg i sentrum til talar, appellar, korpsmusikk og folketog. Dette året var leiar i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag Leif Grutle, invitert til å halde appell på arrangementet. Småbrukarlagsfana vår var som vanleg med i toget denne fine vårdagen.

Appell v/ Leif Grutle, leiar i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag:

Til lukke med arbeidarane sin dag, alle. Her kjem ei helsing frå dei som produserer maten dykkar. Som alle må ha både 3-4 og kanskje 5 gonger om dagen.

Helsinga kjem frå den lille organisasjonen i landbruket, som i over 40 år har kjempa mot ein feilslått jordbrukspolitikk. Både for bonden og samfunnet.

Rett nok er det mange som tener godt på norsk matproduksjon, alt frå dei som leverer varer og tenester til oss, til dei som sel maten vår, ikkje minst. Men ikkje dei som produserer maten.

Sjølv Staten dreg inn store beløp i MVA. Beløp som er merkverdig lik det beløpet dei deler ut igjen som såkalla støtte til jordbruket.

Men ikkje tenk meir på bonden, bøndene klarar seg. Over 90% har allereie ein jobb utanom jordbruket. 40% har ikkje overskot på drifta. Og så er dei jo ikkje fleire enn innbyggartalet i ein liten by eit par timar sør for oss her.

Tenk heller på kva verdi det har å ha kontroll over eigen matvareforsyning. Over kvalitet på maten. Tenk over korleis du vil at landet vårt skal sjå ut. På verdiskaping og aktivitet i heile landet.

Still dykk tre spørsmål: Kvar står me? Kva vil me? Korleis kjem me dit?

I desse dagar murar ei handfull bønder og masse byråkratar seg inn i det lukka rom for å diskutere nettopp dette.

Kvifor skal desse spørsmåla avgjerast bak lukka dører? Kvifor er det ikkje fleire aktørar involvert? Kvar er fagbevegelsen og alle dykk som er her? Er ikkje dette viktige nok spørsmål?

Angår ikkje desse spørsmåla alle?

Vi har store moglegheiter i dette landet for å satse på matproduksjon, basert på våre eigne ressursar. Derfor trengs det at fleire utanfor landbruket engasjerer seg. Lag eit folkeopprør (det var ikkje nok med eit bondeopprør). For trygg og nok mat, dyrka mest mogleg på norske ressursar.

Dette angår alle, aller mest dei som ikkje produserer maten sin sjølv.

Takk for meg.



Leif Grutle på talarstolen.



Åse-Marie Reisæter, Arvid Måkestad, Harald Prestegard, Anne Kristine M. Måkestad, Leif Grutle.

Etnemarknaden 2022.

Marknadshelga 2022 kom med både sol og regn - mest regn. Som vanleg var standen vår eit samarbeid mellom Etne Bonde- og Småbrukarlag og Hordaland Bonde- og Småbrukarlag.



Mellom digre traktorar og andre utstilte landbruksmaskiner, fann lokallagsleiar Tore Aga Silde plass til litt hendig utstyr. Jorunn Haaland Reisæter hjelper til med å rigge stand.



Våt sundagsmorgon. Stemninga er likevel god, og med trivelege folk som kom innom standen vår, vart det ein fin dag for Geir Arne Eikemo og Åse-Marie Reisæter.

Ny generalsekretær i NBS.

I januar starta Anton Langeland i stillinga som generalsekretær i Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Han held til i Gjetingsdalen i Kvinnherad kommune, der han og kona driv gard med mjølk, ammeku og sau.

Generalsekretæren er øverste ansvarlege for sekretariatet i NBS. Det er ei fantastisk ære å få denne rolla, seier Anton. Det er ei brytningstid i landbruket no, som krev mykje av NBS. Med dei rette grepa vil NBS bli ein større og sterkare organisasjon i tida framover. Situasjonen i norsk jordbruk er alvorleg, og trongen for ei retningsendring i jordbrukspolitikken blir stadig tydelegare. No må me formidle situasjonen slik at folk blir betre kjent med oss. Håpet er at mange ser at tida for å engasjere seg, er no.



Frukt dyrka ved foten av Folgefonna

Investeringsmidlar lausdrift i Vestland 2022.

Vestland fylkeskommune løyvde i 2022 10 mill. kr. ekstra til ombygging frå bås fjøs til lausdrift. Det vart sett ein dato (21.juni) for når ein kunne starte opp arbeidet. Dei bondene som allereie var starta opp nokre få månadar tidlegare på året kom ikkje inn under ordninga. Dette meinte me var urimeleg og urettferdig, og gjorde det me kunne for at også dei som var i gang med arbeidet skulle nyte godt av tilskotet. Me kom ingen veg verken med Vestland Fylkeskommune eller Vestland Bondelag. Dette trass i at Bondelaget mottok mange sterke reaksjonar frå eigne medlemmer.

Då året var omme stod det igjen 1 mill. ubrukne kroner. Me foreslo då at dei pengane kunne fordelast på dei fem som starta bygginga for tidleg til å vere med på ordninga. Heller ikkje det ville Bondelaget eller Fylkeskommunen vere med på.

Vårt skriftlege forslag til vedtak (som ikkje fekk tilslutnad):

Utgangspunktet for å setje ein startdato for kven som er omfatta av tilskotet er forsåvidt greitt, «ein ynskjer å stimulere til fleire søknadar». Solidariteten i dette er derimot ikkje god, det verkar urimeleg at berre nye søknadar er omfatta, og kanskje endå meir urimeleg når ein tek med at ferdigbehandla søknadar kan takast med sålenge dei ikkje er starta opp med bygginga. Hensikta til fagлага og fylkeskommunen bør vere å ivareta alle bønder som er villige til å investere tross dei usikre utsiktene, nettopp difor bør alle søkarar i 2022 kunne takast med. Og kanskje er dette rette tida for å gjere andre vedtak basert på andre verdiar enn det administrasjonen legg til grunn.

Forslag til nytt vedtakspunkt:

Unytta midlar i 2022 vert overført til 2023 etter at dei 4 prosjekta som starta bygging i 2022 før 21.juni, er tilgodesett med ekstraløyvingar etter same modell som for søkjarar med oppstart etter 21. juni 2022. I denne svært krevande økonomiske situasjonen tar faglag og fylkeskommune solidarisk ansvar for ut over normal forvaltningsskikk for å sikre levelege økonomiske rammer for dei som er villige til å investere i norsk matproduksjon.

Avisinnlegg i saka 17.juli 2022:

Når ei gladsak ikkje treff alle.

Vedr. Fylkestingets ekstraløyving til ombygging til lausdriftsfjøs.

Fyrst av alt må også Bonde- og Småbrukarlaga i Vestland presisere at ekstramidlane på 10 mill. som Fylkestinget har løyvd til ombygging til lausdriftsfjøs, er ei gladsak for næringa, men det bør komme alle som har opplevd stor kostnadsauke til gode. Slik me oppfattar det, er alle samde om dette, også Bondelaget.

Vedtaket i Fylkestinget gir likevel nokre store utfordringar. Dette vedtaket som vart fatta i juni i år, seier nemleg at det kun er prosjekt med byggestart etter vedtaksdato som er berettiga å søke på denne toppfinansieringa. Om dette var bevisst eller om det "berre vart slik" er usikkert, men det som verkar underleg på oss, er at det er liten vilje hos Bondelaget til å stille seg bak ei endring av dette vedtaket, ei endring som vil gi alle som starta bygging i 2022 like føresetnadar.

Bonde- og Småbrukarlaga ynskjer at alle som starta bygging i 2022 skal kunne søke om ekstra løyving. Dei har alle opplevd same kostnadsauke, og det er uproblematisk å fatte eit vedtak som er gjeldande for heile inneverande budsjettår.

Dette forslaget vart lagt fram i eit møte i Partnarskapen. Då hadde også avisa Hordaland trykt ei sak om Nils Martin Seim som blir ramma av dette.

I dette møtet ville ikkje Vestland Bondelag gå inn for ei slik endring, då det ville føre til at midlane ikkje kunne takast i bruk før i slutten av september. Dermed blokkerte Vestland Bondelag for at ei reell endring av vedtaket kunne behandlast. Dei meinte at det heller kunne

fremjast sak om at eventuelle restmidlar som ikkje var nytta, kan tilfalle prosjekt som vart starta før vedtaket i juni.

Dette tilsrør Felde i sitt svar til avisa Ytre Sogn, og framstiller det som om Partnerskapen er samde om at det er beste løysinga. Sanninga er at Partnerskapen ikkje var samde om dette, og at Bonde- og Småbrukarlag ikkje ser dette som beste løysinga, fordi det betyr at dei som starta bygging før juni, berre kan søke om "restane" av det som vert att når andre har fått sitt, trass i at alle har like utfordringar økonomisk.

Me ser det ikkje som ei utfordring at midlane ikkje vert tildelte no, det viktige er at dei vert nytta innanfor rekneskapsåret, og tildelt på like vilkår for alle prosjekt i 2022.

Dette har ein god tid til å gjere, sjølv om midlane vert sett på vent inntil sak om endring i vedtaksteksten er behandla i Fylkestinget.

På møtet i Partnerskapen prøvde Bonde- og Småbrukarlag å snu alle moglege steinar for å finne løysingar som kunne gagne alle. Vestland Bondelag ved Felde, ville ikkje stille seg bak nokon av forslaga, trass i uttrykt ynskje om at alle skal med. Det ser dermed ut til at ein er tilfreds med at nokre få bønder som våga å setje i gang bygging tidleg på året, ikkje skal få del i denne ekstraløyvinga. Dei skal måtte ta til takke med dei eventuelle restane som er igjen på slutten av året, sjølv om vedtaket ikkje gjer opning for det.

Til avisa Ytre Sogn fortel Felde at her skal Bondelaget gjere jobben. Dette er provoserande, ettersom Bondelaget er mot ei likebehandling, og i tillegg dreg heile Partnerskapen med på dette.

Det er også underleg at Bondelaget kan gå så hardt ut og love at dei skal ordne finansar som det ikkje er gjort vedtak om, og som det i tillegg er usikkert om vil vere tilgjengeleg når alle som no er først i køen har fått sitt. Felde legg dette fram som om det betyr likebehandling av alle byggeprosjekt med byggjeart i 2022. Det er ikkje tilfelle.

Det einaste som kan gje lik og rettviss behandling, er at alle søknadar vert vurdert på like vilkår. Då må alle søknadar om toppfinansiering setjast på vent inntil saka på ny er behandla av Fylkestinget. Vedtaket må fange opp alle prosjekt i 2022, noko Felde og Vestland Bondelag altså er imot.

Leif Grutle - leiar i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag
Hanne Bjerkvik – leiar i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag

Spør oss om:
HMS
Grovfôr og beite
Bygg og økonomi
Maskinteknikk
Plantevern og gjødsling
Frukt, bær og grønnsaker

Vest.nlr.no
98245838
vest@nlr.no

Norsk Landbruksrådgiving

Avisinnlegg: Treng norsk matproduksjon importvern?

Daglegvarekjedene Norgesgruppen, Rema og Coop, kontrollerer ca. 97% av norsk matvarehandel. Dei har vore ekstremt flinke til å leggje skulda for prisauken på andre, og skape interesse motsetningar mellom dei som lagar maten og dei som kjøper maten. Norsk jordbrukspolitikk får skulda for prisauken på butikkvarene og dei legg press på politikarane for å liberalisere både politikken og importvernet.

Litt fakta:

I praksis er det nokon få aktørar som bestemmer kva du og eg skal betale for maten, og kva mat vi blir tilbydd.

I 2020 var overskotet i norsk daglegvarebransje 16 milliarder kroner.

Jordbruksoppgjret 2022 gav ein forventna prisauke til forbrukar på 1,6%, eller ca. 640 kr pr. år pr. innbyggjar.

Bondens andel av matvareprisane blir stadig mindre.

Jordbrukets tariffavtale.

Importvernet har aldri handla om å lukke seg inne, men er ein føresetnad for å nå dei politiske måla Stortinget har sett for norsk matproduksjon. Og denne regjeringa har forsterka dette med målsetjing om 50% sjølvforsyning.

Tariffavtalar og regelverk i arbeidslivet, gjer at me kan sikre norske lønns- og arbeidsvilkår og dermed vanskeleggjere sosial dumping. Dette gjeld også i velferdspolitikken, der det er norsk standard som gjeld. Kvifor skal ikkje dette også gjelde for tilgang på trygg norsk mat i ei uroleg verd, med både krigar og klimaendringar som trugar?

Alle land beskyttar matproduksjonen sin med mange ulike verkemidlar, også toll.

Importvernet lekker som ei sil.

I ostelandet Norge, med utallige prisbelønna ostar, aukar osteimporten til eit årleg forbruk tilsvarande 150 mill. liter mjølk.

Dette tilsvarar eit årleg tap i verdiskaping på nær 5 milliarder + ringverknader.

I tillegg kjem Tine si utflagging av Jarlsbergosten på 100 mill. liter årleg.

Korn.

I år 2000 hadde vi eit årleg råvareforbruk på ca. 1,6 mill. tonn korn. Norskandelen var då 76,3 %.

I 2021 var råvareforbruket vel 2 mill. tonn og norskandelen berre 58,4%.

I dårlege kornår har norskandelen vore langt under 50% (2014: 45,9% og 2019: 48,4%).

Kjøtt.

Kjøttimporten i 2022 var 23.000 tonn til ein verdi av 1,5 milliarder kroner. I 2021 var importen 37.786 tonn. Ein stor del av denne importen var tollfrie kvotar.

Frukt.

Når norske epleprodusentar no satsar på enno meir lagringssterke sortar og ny teknologi for lagring, slit dei med å kome til hos kjedene. Dei føretrekker tydelegvis den tollfrie glansa og voksa frukta.

Det er norsk kjøpekraft og lønsevne som avgjer prisane i butikk. I EU, med fri flyt av varer og tenester, kostar maten i Tyskland 70% meir enn i nabolandet Polen. Og i Danmark 30% meir enn i Tyskland.



Importvernet må brukast med kløkt, både for å nå politiske mål, men også for å sikre klima, berekraft, kvalitet og utvikling av mangfold og skaparevne i vårt eige land.

Dagens regjering har mange gode målsetjingar nedfelt i både Hurdalsplattform og Regjerings-erklæring, men manglar også på dette området, verkemidlar og plan for å nå målsetjingane sine.

2.februar 2023

Hanne Bjerkvik, leiar i Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag
Leif Grutle, leiar i Hordaland Bonde- og Småbrukarlag
Stig Arild Helgesen, leiar i Rogaland Bonde- og Småbrukarlag
Frank Valø, leiar i Troms Bonde- og Småbrukarlag



Sammen tar vi vare på jorda, dyra og framtida

Felleskjøpet tilbyr deg de beste produktene og helhetlig rådgivning i alle deler av bondens drift. Fra maskin og redskap, driftsbygninger og fjøs, til fôr, plantevern, såvare, gjødsel og øvrige landbruksrekvisita.

Vi er tilgjengelige hele året, og er eneste totalleverandøren med skreddersydde produkter og tjenester til landbruket.

 Felleskjøpet

Tlf.: 72 50 50 50 · felleskjopet.no

BU-prisen for Vestland 2022.

Bedriftsutviklingsprisen i Vestland gjekk dette året til Sølvane Gard i Gloppen. Torstein Kollevåg og Eivind Kandal flytta frå Oslo til den vesle geitebygda Kandal i Gloppen kommune. Dei tok over garden Eivind kjem frå, og har utvikla eit særeigent kulturbasert reiselivs- og lokalmatkonsept som har blitt lagt merke til langt utover fylket. Dette har dei fram til no gjort med enkle fasilitetar. Like viktig som oppbygginga av verksemda Sølvane Gard AS, er det at Torstein og Eivind i tillegg har skapt ein optimisme i den vesle “geitebygda” Kandal og fått med seg naboane i ulike deler av satsinga. Satsinga deira har vist kva som er råd å få til. Dei leverer kvalitet, bidreg til stoltheit i bygda og har vore med å vidareutvikla geit som ein ressurs i landbruket og som tilleggsnæring.

Torstein og Eivind har utdanning og kompetanse frå kultur-/musikk-/eventbransjen og opera- og kokkefaget, og konseptet deira er unikt i distriktssamanheng. Kandal Klyngetun har fått på plass overnattingskapasitet og ein flott restaurant. Her har dei fått med seg ein lokal investor og gjort ei “nytolking” av dei gamle klyngetuna.

Innovasjon Norge deler kvart år ut Bedriftsutviklingsprisen i landbruket på oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet. Det er ein bedrifts- og næringsutviklingspris for dei som har etablert ei vellukka bedrift eller næring med basis i bygdene og landbruket sine ressursar. Det vert kåra ein vinnar i kvart fylke som får 50 000 kroner og dei fylkesvise vinnarane deltek så i den nasjonale konkurransen om 250 000 kroner.

Juryen vurderer kandidatane ut frå kriteria økonomisk, sosial og miljømessig berekraft og innovasjon/nyskaping. Det største konkurransefortrinnet til Sølvane Gard AS er høg og relevant kompetanse hjå eigarane/drivarane og det breie nettverket deira. Sølvane Gard har eit solid fundament for vidare satsing nasjonalt og internasjonalt.

Årets jury har vore Kjersti Sognnes frå Vestland fylkeskommune, Eirik Brynjelsen frå Statsforvaltaren i Vestland, Åse-Marie Reisæter, felles representant for Bonde- og Småbrukarlaga i Sogn og Fjordane og Hordaland. Juryen vart leia av Nina Broch Mathisen, regiondirektør i Innovasjon Norge Vestland.



Mjølkepumpe for sau, geit og ku. Enkel i bruk.
Råmjølkerstatning - reddar tusenvis av lam.
Lammebar - med 5 eller 10 smokkar monterte oppe. Størrelse 20 til 65 liter.

Drikkeutstyr

Vi har alt du treng for montering av drikkeutstyr til husdyr. Mange modellar drikkekar, stål- og plastrør, røyrdelar m.m.

Nessemaskin
Sjøarsv. 5, 6994 Nessane, Tlf. 57 69 48 00
www.nessemaskin.no



Rekneskap 31.12.2022	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Driftsinntekter.			
Kontingentar	199 342	200 000	210 000
Sekretærtilskot NBS	35 000	35 000	35 000
Lysingar i årsmeldinga	60 400	45 000	60 000
Møte - studietilskot	5 000	10 000	25 000
Medlemstilskot	27 268	28 000	25 000
Andre inntekttter	2 600	500	500
Renteinntekter/kundeutb.	571	400	1 000
Sum driftsinntekter	330 181	318 900	356 500
Driftskostnader.			
Utgifter sommarsamling	0	15 000	10 000
Løn leiar	25 000	25 000	25 000
Løn sekretær	141 000	141 000	146 600
Div. adm. Kostnader leiar	0	7 000	7 000
Arbeidsgivaravgift	23 406	23 406	24 195
Kontorutgifter/telefonutg. Adm. Sekretær	11 000	11 000	11 000
Styreutgifter	6 648	17 000	17 000
Årsmøte	0	0	20 000
Årsmelding m/utsending	36 391	35 000	40 000
Reiser og representasjon	18 298	15 000	15 000
Kurs, møter, informasjon m.m	3 279	3 000	3 000
Lysingar, honorar	9 400	2 000	2 000
Porto, tidskrifter m.m. sekretær	2 936	5 000	5 000
Rekneskap og kasserarverksemd	16 426	17 000	17 000
Tilskot til lokallaga	0	0	0
Forsikring	1 216	1 300	1 300
Gåver og helsingar	17 478	3 000	3 000
Standutgifter	3 110	10 000	10 000
Andre utgifter	9 104	6 000	6 000
Renteutgifter/tap på krav	1 205	1 000	1 000
Sum driftskostnader	325 897	337 706	364 095
Driftsoverskot/underskot	4 284	-18 806	-7 595

BALANSE 2022**Omløpsmidlar.**

Kundefordringar	3 800
Sum fordringar	3 800

Sum bankinnskot og kontantar	456 288
-------------------------------------	----------------

Sum omløpsmidlar	460 088
-------------------------	----------------

Sum eigendelar	460 088
-----------------------	----------------

Eigenkapital 0 01.01.2022	258 447
----------------------------------	----------------

Sum innskot eigenkapital	258 447
---------------------------------	----------------

Overført resultat	4 284
--------------------------	--------------

Sum eigenkapital 31.12.2021.	262 731
-------------------------------------	----------------

GJELD

Sum leverandørgjeld	11 870
----------------------------	---------------

Skuldig skattetrekk	23 780
---------------------	--------

Skuldig arb. Avgift	13 466
---------------------	--------

Offentlige avgifter	37 246
----------------------------	---------------


Skuldig lønn	0
--------------	---

Påløpt kostnader og forskotbetalt inntekt	148 241
-------------------------------------------	---------

Sum gjeld	197 357
------------------	----------------

SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	460 088
----------------------------------	----------------

Voss 06.02.2023



På lag med landbruket

Forsikring

Pensjon

I Gjensidige er vi stolte av å samarbeide med Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Sammen kombinerer vi erfaring og ekspertise slik at du kan sikre deg og dine, og alt som er ditt.

Som medlem av Norsk Bonde- og Småbrukarlag får du gode rabatter på privatforsikringer, driftsforsikringer og pensjon hos Gjensidige:

- inntil 20 % rabatt på privatforsikringer
- 24-34 % rabatt på landbruksforsikringer
- god pris på ulykkesforsikring for voksne og barn
- gode fordeler på pensjon

Les mer på gjensidige.no/landbruk, eller ring oss på 915 03100.